



Anebyhus AS
Linjevegen 31
2344 ILSENG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6049 - 15/157

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.01.2015

Søknad om løyve til tiltak - trong for tilleggskontroll- gbnr 214/227 Fyllingsnes.

Kommunen viser til søknad om løyve til tiltak på gbnr 214/227 mottatt 19.12.2014. Kommunen har kontrollert søknaden og finn at det er trong for å be om tilleggskontroll, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Egedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggeområde med krav om utbygging etter reguleringsplan, jf punkt 1.1 i kommuneplanen sine bestemmelsar. Omsøkte tiltak krev dispensasjon frå plankravet for å kunne godkjennast. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngjeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon.
2. Det vart gitt avkjøringsløyve for egedomen i vedtak datert 08.12.2010. Vedtaket er berre gyldig i 3 år. Det må liggja føre nytt avkjøringsløyve før søknaden kan handsamast.
3. Det vart gitt utsleppsløyve for egedomen i vedtak datert 20.12.2011. Vedtaket er berre gyldig i 3 år. Det må søkjast om nytt utsleppsløyve før søknaden kan handsamast.
4. Egedomen skal knytast til kommunalt vatn. Det må søkjast om tilknytning til kommunalt vassverk før byggjeløyve kan gjevast.
5. Etablering av avlaupsanlegget og stikkledning for vatn er også søknadspiktig etter reglane i pbl § 20-1. Plassering av anlegga må gå fram av situasjonsplanen for å kunne godkjennast. Heile leidningstraseen må visast.
6. Dersom leidningar kryssar privat egedom må det dokumenterast løyve frå grunneigar. Ved kryssing av kommunal veg må det leggast fram løyve frå vegstyresmakta.
7. I følgje gjennomføringsplanen skal føretaket Frode Haugsvær Maskin AS ha ansvarsrett for både prosjektering og utføring av arbeid. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt søknad om ansvarsrett frå dette føretaket.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 01.03.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
Avd.leiar byggjesak

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Richard Hansen
Teknisk drift

Inndalsvn 99

5063

BERGEN

Mottakarar:

Anebyhus AS

Linjevegen 31

2344

ILSENG